

Oppdragsgjevar: **Aurland kommune**
Oppdragsnr.: **5160650** Dokumentnr.:

Til: Aurland kommune
Frå: Aashild L. Øren
Dato 2021-04-12

► Notat stadform, arkitektur og estetikk



Figur 1: Skråfoto frå vest

Innleiing

Områdeplan for Flåm er under utvikling. Dette notatet summerer opp utvikling av overordna plangrep samt føringar og tilrådingar for tema stadform/stadstruktur, arkitektur og estetikk. Notatet dannar bakgrunn for handsaming av desse tema i dei formelle plandokumenta.

Notatet består av to delar. Del 1 inneheld ei kort oppsummering av utvikling av plangrepet for området – inklusive omtale av utviklingskonseptet som er lagt til grunn. Del 2 inneheld vurderingar og tilrådingar knytt til planforslaget når det gjerd stadform, arkitektur og estetikk. Byggjehøgde har vore ei sentralt problemstilling i plansaka, og er blant tema som er omtala. Det er utvikla enkle sol-/skuggestudiar som grunnlag for vurderingane – desse er samanstilte sist i dokumentet.


Notatet har primærfokus på dei mest sentrale delen av planområdet.

Oppdragsgiver: Aurland kommune
Oppdragsnr.: 5160650 Dokumentnr.

DEL 1: PLANGREPET

Utviklingskonseptet

Tidleg i planarbeidet vart det utarbeidd eit utviklingskonsept, som grunnlagt for vidare arbeid med planen. Det ligg føre eit eige notat som gjer greie for tilrådde løysingar, samt bakgrunn for desse. Under vert det gitt ei kort oppsummering av dei mest sentrale tilrådingane frå utviklingskonseptet.



Figur 2: Framlegg til organisering av ny utbygging, utsnitt av sentrumsområdet

Køyretilkomst og parkering

- Hovudtilkomst langs Nedre Brekkevegen til einvegsregulert sentrumssløyfe.
- Tilkomst til Fretheim Hotell og Vikjavegen følgjer Nedre Fretheim.
- Oppstilling for bussar som i dag: ved den ytre cruisekaia, ved jernbanestasjonen og framfor Fretheim Hotell, eit areal som kan opparbeidast som ein plass for opphald men tillate for bussoppstilling.
- Korttids parkering for privatbilar på nordsida av A- Feltvegen, delvis i underetasjar, og på nordsida av elva, med utviding inn på dagens ballbane.
- Langtids parkering kan vurderast lagt til området ved avkøyringa frå E16

Oppdragsgiver: Aurland kommune
Oppdragsnr.: 5160650 Dokumentnr.

Ganglerer

- Tydeleggjering og styrking av eksisterande gangaksar
 - Promenadar langs elva og fjorden
 - langs A-feltvegen
 - Tverrsambanda mellom fjorden og elva.
- Forslag til etablering av nye gangaksar ved eventuell framtidig endring i eksisterande bygg.
- Nedtoning av gangaksen frå Torget og austover til Flåmsbrygga Hotell
- Samanbygging av ytre og indre kai

Uterom

- Tydelege parkmessige areal og plassar i samband med gangaksane
- Grøne offentlege område oppretthaldast og vidareutviklast langs den sørlege elvekanten, mot fjorden ved badeplassen og friområdet i nord, på den austre spissen av den utfylte flata og langs Vikjavegen austover på sørsida av fjorden
- Meir urbane plassrom: Torget, langs den indre kaia og framfor Fretheim Hotell.

Ny utbygging

- Stort utbyggingspotensiale langs nordsida av A-Feltvegen. Dagens grønne sletter representerer eit verdifullt tilbod for tilreisande, men er truleg ikkje så mykje nytta at det skal hindre ny næringsutvikling.
- Utbygging reduserer parkeringstilbodet for privatbilar og må erstattast med parkering i underetasjar og i lengre avstand frå senterområdet. Dagens flateparkering vert gradvis erstatta av nybygg.
- Også ved austsida av Torget og framfor Fretheim Hotell kan det byggjast nytt. Ved Torget kan utbygging gje form til eit betre plassrom og opne for ei økonomisone for Flåmsbryggja og Furukroa. På lengre sikt kan Panorama/ Toget Café heilt eller delvist verte erstatta av ei noko større utbygging med ei inngangsfasade vendt mot Torget.
- På Fretheimsida kan eit nybygg danne tydelegare uterom og ein meir oversiktleg trafikksituasjon. Her kan både sjøutsikt og tilknytninga til ein ny plass utnyttast.
- Bortsett frå overnatting, vil tilbod retta mot dei reisande måtte liggje i fyrste eller delvis i andre etasje. Slik vil ei utbygging over tre til fire etasjar samstundes kunne auke kapasiteten for kontor, service og bustader for tilsette.

Oppdragsgiver: Aurland kommune
Oppdragsnr.: 5160650 Dokumentnr.


Planforslag – endringar i plangrepet mot utviklingskonseptet

Vesentlege delar av planområdet er utsette for naturfarar som ulike typar skred frå fjella, flaum frå Flåmselvi og stormflo. Dette avgrensar framtidige utviklingsområde betydeleg.

Flaumvurderingar som er gjennomført som del av planarbeidet, viser at ein ikkje kan tilrå utbygging av det omfanget som vart lagt til grunn i utviklingskonseptet, noko som har gitt følgande endringar i plangrepet samanlikna med utviklingskonseptet:

- Utbygging på A-feltet, nord for A-feltvegen er betydeleg redusert. Feltet lengst vest (O_SPP4) er utfordrande å bygge ut og vert avsett til parkering.
- Redusert fotavtrykk på ny utbygging i felt BA3 på A-feltet.
- Redusert fotavtrykk og endra plassering av ny utbygging på plassen framfor Fretheim hotell.
- Redusert ny utbygging nord for elva. Utbyggingspotensial for næring er tatt ut, eksisterande grusbane vert avsett til kombinert formål idrett/parkering.


I tillegg har det gjennom prosessen, og som resultat av mellom anna politiske prinsippavklaringar og administrative drøftingar, vorte avklart at det ikkje er ønskeleg med ei større utbygging nordaust på A-feltet, og at planen skal opne for at køyreretninga for buss kan endrast over langs A-feltvegen. Utbygging kring torget er tilpassa eksisterande tomtestruktur og resultatet av dei gjennomførte flaumvurderingane.



Figur 3 Utsnitt plankart. Felt der naturfarekartlegging har endra tilrådd arealbruk eller utbyggingspotensial er markert med raud stipla line.

Oppdragsgiver: Aurland kommune
Oppdragsnr.: 5160650 Dokumentnr.

DEL 2: VURDERINGAR OG TILRÅDINGAR



Figur 4 Illustrasjonsplan – utsnittet viser dei mest sentrale områda i planområdet

Overordna plangrep og stadform/stadstruktur

Gode offentlege uterom skapar trivsel i kvardagen og fremjar liv og aktivitet i tettstaden. Dette er viktig for attraktiviteten både for lokalbefolkninga, besøkande og næringslivet. Med bakgrunn i dette, har det vore lagt vekt på offentlege rom og møtestader som det berande elementet i plangrepet. Sjølv med rette gater og ein relativt oversiktleg og logisk tomtestruktur, oppfattast den bygde strukturen, særleg på A-feltet, samla sett som uklår og lite samanhengande i dag. Bygga vert i større grad lest som enkeltstående element enn ein samla struktur, noko som bidrar til at gater og offentlege uterom også oppfattast utflytande. I utvikling av plangrepet har det vore eit mål å legge til rette for at ein ved vidare utbygging kan skape ein meir samanhengande struktur, der bygga i langt større grad enn i dag orienterer og opnar seg mot gater og plassar for å tydeleggjere, definere og aktivisere desse.

Oppdragsgiver: Aurland kommune
Oppdragsnr.: 5160650 Dokumentnr.

Utgreiingar av naturfare har tydeleggjort at ein ikkje kan tilrå vidare utbygging av det omfanget som vart skissert i utviklingskonseptet. Dette gjer at ein noko mindre grad enn tidlegare antatt, kan sjå for seg ei utvikling der nye bygg bidrar til å definere tydeleg gateløp og plassrom – særleg gjeld dette langs A-feltvegen, og framfor Fretheim hotell. Det vert difor enda meir sentralt å nytte gate- og plassutforming samt vegetasjon for å oppnå tydeleg struktur og auka attraktivitet.

Samla sett medfører omsynet til naturfare at potensialet for attraktiv stad- og næringslivsutvikling i Flåm sentrum er noko redusert i forhold til det som var vist i utviklingskonseptet. Under er det gitt ein kort oversikt over tema knytt til plangrepet som vi vurderer det vert særleg viktig å ta omsyn til ved vidare planlegging for å oppnå intensjonane som ligg i plangrepet.

Tilkomst til sjø

I plangrepet har sikring av offentlig tilgang til strandsona vore eit sentralt tema. Etablering og utviding av promenadar langs elv og fjord og utviding av park ved eksisterande strand nord for elva, legg til rette for at ein kan etablere ulike aktivitetar og opplevingar i møte med vatnet. Eventuelle flaumsikringstiltak direkte mot sjø, vert viktig å balansere opp mot tilrettelegging for bruk og offentlig tilgang.

- Særleg om strandpromenaden:
 - Planen legg til rette for at ytre og indre kai kan byggjast saman. Den indre kaia er eit sær sentralt uterom og fungerer godt i dag. Likevel kan det vinne på å få eit tydelegare skilje mot uteplassane som høyrer til serveringsstadene. Ved ei framtidig eventuell samanbygging av den indre og ytre kaia kan her oppstå eit plassrom som i storleik passar betre til båttrafikken og som kan gje klårare avgrensing mot spisestadene.
 - Generelt må strandpromenaden utformast slik at ein sikrar god funksjonalitet og framkome for tidvis store folkemengder. Samstundes må det leggest til rette for opphald.
- Særleg om elvepromenaden:
 - Elvepromenaden vil inngå som ein del av eit grønt drag langs elva, og det vil såleis vere naturleg at denne opparbeidast med eit anna preg og andre funksjonar knytt til seg en promenaden langs fjorden.
 - Utforming og bruk av elvepromenaden må tilpassast naturressursane/naturverdiane knytt til elva.

Uterom og grøne rom

- Grøne og blågrøne soner representerer viktige verdiar og moglegheiter for landskapsestetikk, friluftsliv, natur og biologisk mangfald. I planen vert det lagt vekt på å vidareføre det grøne preget langs elva. Her bør det leggest til rette for både opphald, aktivitet og rørsle. Det bør stillast kvalitetskrav til fasadeutforming i tilstøytane bygg.
- Å integrere meir grønt på A-feltet generelt, kan auke attraktiviteten. Dette bør primært vere som vegetasjon på bakkeplan, men kan også vurderast som del av tak og/eller fasadar.
- Grøne element bør tilførast både med tanke på estetikk og opplevingskvalitet, men bør også inngå i fleifunksjonelle blågrøne løysingar for overvasshandtering.
- Torg og plassrom fungerer generelt best dersom dei har gode romlege proporsjonar, ein kan opphalde seg langs veggane/kantane og der lokalklimaet er best.
 - Særleg om torget: For å auke attraktiviteten til torget er det behov for både ei strammare organisering og ei meir bevisst utforming av fasadane som vender mot desse. I planen bør

Oppdragsgiver: Aurland kommune
Oppdragsnr.: 5160650 Dokumentnr.

ein såleis legge opp til sanering av overflateparkering, og stille kvalitetskrav til opparbeiding av både torgarealet og omliggjande bygg.

Samanhengande gangareal / siktliner

- Ved framtidig endring av eksisterande bygningsmasse, bør det vurderast å leggje til rette for utviding og styrking av tverrsamband over A-feltet. Spesielt gjelde dette for aksene mellom den austlege brua og fjorden.

Funksjonssamansetjing

- I sentrumsområde er det generelt positivt med stor funksjonsmiks for å stimulere til ein levande tettstad. I utviklingskonseptet er det peikt på at tilførsel av bustader på A-feltet kunne ha vore positivt både med tanke på større variasjon i bustadtilbodet og for å skape meir liv i sentrum. Dette kunne også vere ei løysing for å huse sesongarbeidarar i turistsesongen. Redusert utbyggingspotensiale gjer ei slik utvikling mindre sannsynleg, og planen opnar dermed ikkje for etablering av bustader på A-feltet.
- Ved å ikkje opne for bustader på A-feltet unngår ein i stor grad konflikter knytt til overgang mellom offentlig tilgang og privat areal.

Menneskeleg skala

Romdanningar, proporsjonar og storleikar på uterom og stadstrukturar må harmonere med den menneskelege skalaen for at det skal opplevast godt å opphalde og bevege seg gjennom staden. Omgivnadene må vere tilrettelagt for å opplevast i augehøgde og i gangfart.

Oppdragsgiver: Aurland kommune
Oppdragsnr.: 5160650 Dokumentnr.


Byggegrense i delområde

Naturfare legg føringar ikkje berre for arealbruken, men også for plassering og storleik på bygningsmasse innanfor felt.



Figur 5: Utsnitt illustrasjonsplan, felt BAA4

På plassen framfor Fretheim hotell (felt BAA4) har det vore vurdert bygningsmasse som i større grad tek opp retningar i eksisterande bygningsstruktur og orienterer seg slik at ein definerer og aktiviserer offentlege rom både mot fjorden og mot Fretheim. Ei slik utbygging er ikkje å tilrå med tanke på oppstuing av vassmassar i samband med flaum. Det er difor valt å ta tak i retningane i museet. Ny bygningsmasse vil likevel truleg framstå som frittliggjande. Saman med den prominente plasseringa, tilseier dette at eit nytt bygg her må utformast med særleg høg arkitektonisk kvalitet. Vidare bør utforminga av plassrommet ta tak i dei strukturar og samband som vart identifiserte i utviklingskonseptet, men som det ikkje er tilrådeleg å byggje ut. Positivt med denne løysinga er at det gjer det mogeleg å plassere bussar aust på feltet, noko som opnar for at det kan etablerast eit grønt parkrom som vert som ei forlenging av hage/park ved Fretheim hotell.



Figur 6: Utsnitt illustrasjonsplan, Felt BA3

I felt BA3 ønsker ein å legge til rette for utvida hotelldrift. Byggegrense/fotavtrykk på ny utbygging det vert opna for er eit kompromiss etter at flaumkartlegging har vist at det ikkje er tilrådeleg å etablere ny bygningsmasse i forlenging av eksisterande bygg lengre vest på tomta. Dette gir ein noko uheldig plassering av ny bygningsmasse med tanke på skuggeverknad og tappt sjøutsikt for eksisterande Flåmsbrygga hotell, samt at ein legg beslag på det grøne rommet i front av dette.

Sistnemnde forhold kan kompenseras ved at det vert etablert ei utviding av eksisterande kaikant/promenade, som også knyt saman indre og ytre kai.

For best utnytting av området, bør utbygging av BA3 sjåast i samanheng med BA4 (Flåmsbrygga hotell). I samband med dette, bør det også vurderast å etablere eit nytt tverrsamband som vist i Figur 6.

Oppdragsgiver: Aurland kommune
Oppdragsnr.: 5160650 Dokumentnr.

Overflateparkering

I følge kommuneplanen sin samfunnsdel er *Innfallsportane til kommunen frå sjø, veg og tog prioriterte område som skal gje tilreisande eit godt førsteinntrykk*. Overflateparkering er ikkje ein type arealbruk som står opp om dette målet, eller om ein attraktiv tettstad med tydeleg prioritet av mjuke trafikantar. Flaumproblematikk, saman med eit stort og sesongbasert parkeringsbehov, gjer at det likevel opnast for å vidareføre relativt store areal for overflateparkering, både på A-feltet og nord for elva.

Følgande avbøtande tiltak bør leggst til grunn ved vidareføring av overflateparkering

- Det vert nytta permeable dekker
- Bruk av vegetasjon mellom parkeringsrekker for å gi området eit grønt preg og sikre skjerming mellom parkeringsareal og fotgjengarareal / elvepark.
- Eventuell oppmerking i dekke kan med fordel utformast slik at dei invitere til å ta områda i bruk til andre formål enn parkering. Slike tiltak må vegast opp mot trafikktryggleik.
- Flyttbar møblering og/eller leikeapparat kan vere hjelpemiddel for å tilføre området variasjon i bruk når det ikkje er behov for alle parkeringsplassane.

Særleg for A-feltet, felt O_SPP4:

- Det bør etablerast eitt breitt fotgjengarsamband mellom stasjonsområdet og elveparken, som avgrensar storleiken på parkeringsareala. Dette arealet bør utformast parkmessig, med høg materialkvalitet i dekker og møblering. Det bør leggst til rette for leik og opphald. Vegetasjon bør nyttast som skjerming mot parkeringsareala.
- Det kan opnast for å etablere takflater/enkle bygde strukturar over delar av parkeringsarealet. Dette for å dele dei store opne flatene meir opp, og legge til rette for at areala kan nyttast til andre føremål når det ikkje er behov for alle parkeringsplassane.
- Det kan vurderast å etablere ytterlegare eit tverrsamband mellom elva og
- Dersom parkeringsbehovet endrar seg eller kan løysast andre stader i framtida, bør ein vurdere om parkeringsarealet kan setjast av til park, aktivitets-/klatrepark, leikeplass eller liknande.



7 Døme på parkeringsplassar med grønt preg

Foto1: Jonathan Perrin Foto2: Bruun & Möllers Landscape Architects

Oppdragsgiver: Aurland kommune
Oppdragsnr.: 5160650 Dokumentnr.

Fasadeterskel / kantsone

Eit godt sentrum er avhengig av meir enn å plassere riktig funksjon på riktig stad. Ein kan sjå bygga som veggane i det offentlege uterommet, og desse må få ei utforming som tar vare på potensialet. I denne samanhengen spelar utforming av og innhaldet i første etasje og tilgrensande uterom ei særleg viktig rolle. I denne overgangen mellom bygg og bygd, eller *fasadeterskelen*, er det mykje av bygdelivet finn stad.

Tilrådingar:

- For å stimulere til gateliv må første etasje ha publikumsfunksjonar og utformast på ein annan måte enn etasjane over. Opne, aktive fasadar, med publikumsfunksjonane vendt mot uteromma er utgangspunktet for vidare utbygging.
- Krav om stor grad av aktive fasadar mot sentrale uterom, som torget, strandpromenaden elvepromenaden og nytt torg framfor Fretheim hotell bør inkluderast i føresegnene. Det same gjeld for krav om stor grad av opne fasadar og avstand mellom inngangar langs A-feltvegen.
- Bygga si økonomisone, med varelevering, renovasjon og så bortetter, må ikkje plasserast mot viktige offentlege uterom. Dersom det er situasjonar ved eksisterande bygg der dette er heilt naudsynt for å forsette forsvarleg drift, må ein søke løysingar som i minst mogeleg grad påverkar attraktiviteten til uteromma i negativ retning.
- Generelt er det ønskeleg at første etasje korresponderer med gatenivå. Flaumtilpassing kan gjere dette krevjande enkelte stader. Her vert det sentralt å sikre gode løysingar som kombinerer universell tilgjenge og gode samanhengar mellom ute og inne. Utandørs ramper/trapper må utformast med høg kvalitet og kan gjerne vere fleirfunksjonelle – det vil seie at dei også kan nyttast som sitjeplassar, som plantekasser eller på andre måtar tilføre kvalitet. Ein bør vere særst restriktiv med å tillate utbygging på pålar.
- Det bør ikkje opnast for parkering i første etasje.
- Også i reine tenesteytingsområde kan det vere rom og funksjonar som er av ein slik karakter at det er ønskeleg å skjerme seg noko. Dette kan til dømes vere hotellrom/overnatting eller behandlingsrom knytt til helse og velvære (lege, tannlege, fysioterapeut, spa etc.) Slike funksjonar må i utgangspunktet søkast lagt til område i bygget der ein oppnår lågast konflikt mellom openheit i fasade og ønske om skjerming. Forhagar, vegetasjon og høgdeforskjell mellom gate og første etasje kan nyttast som verkemiddel for å balansere opne fasadar og skjerming der konflikt kan oppstå.

Byggjehøg


Skalaen i både dei bratte fjellsidene nord og vest for planområdet og cruiseskipa som ofte ligg til kai i Flåm, gjer at det kan argumenterast for at området, og spesielt A-feltet, kan tole utbygging med større byggehøg enn i dag. Vidare framstår eksisterande bygningsmasse i dag som lite heilskapleg, sjølv om skala og byggehøg er relativt lik. Tilhøva ligg slik sett til rette for å opne for nye formuttrykk, inkludert auka byggehøg, sjølv innanfor målet om å oppnå ein tydelegare stadstruktur. Vidare kan auka byggehøg bøte noko på det reduserte utbyggingspotensialet naturfare medfører. Men det er også faktorar som talar imot å opne for auka byggehøg:

- Stadtilpassing: Flåm er ein del av det verdsarvområde norske fjordlandskap, der det er naturen som tilfører omgivnadene høg.
- Auka byggehøg i punkt vil kanskje utgjere ei mindre siktbarriere mot fjorden enn cruiseskipa, men vil vere permanente. Dette utgjere ein vesentleg skilnad.
- Soltilhøve: Dei høge fjella påverkar allereie soltilhøva i Flåm. Høge bygningskroppar vil kunne medføre fleire areal med reduserte soltilhøve.
- Dersom det skal opnast for eitt eller eit fåtals høghus, vil desse stå fram som signalbygg, eller særleg markante/prominente bygg. Generelt bør slike bygg innehalde særleg viktige funksjonar.

Oppdragsgiver: Aurland kommune
Oppdragsnr.: 5160650 Dokumentnr.

- Prinsippet med å bygge ut i menneskeleg skala talar imot utbygging av høghus og for ei tilnærming med tilpassing til eksisterande stadstruktur og byggehøgdar.

Tilråding: Etter ei heilskapsvurdering tilrår vi at det opnast for at nye bygg kan ha moderat større høgd enn eksisterande bygningsmasse. Tilpassing vert lagt til grunn for vidare utvikling, snarare enn brot.




Figur 8: overordna prinsipp for byggehøgde

Overordna vert dei sentrale områda delt i tre ulike soner når det gjeld byggehøgde: I sone 1 gjeld tilpassing med moderat auke i byggehøgde mot dagens situasjon. Det vert lagt opp til nedtrapping i høgd mot elva (sone 2) og mot eksisterande identitetsskapande bygg i stasjonsområde (sone 3).

Det er gjennomført enkle sol-/skugge-studier som bakgrunn for vurderingane knytt til byggehøgde og fastsetting av byggegrenser. Desse viser at det generelt er god tilgang på offentlege uterom med gode soltilhøve, men at torget vil få noko dårlegare soltilhøve ved maksimal utbygging (sjå figuren under). Byggehøgde i felt BA1 er redusert i forhold til dei andre felta i sone 1 for å bøte noko på dette. Vidare vil utbygging i BA3, som tidlegare nemnd, både gi skuggeverknad på bygg i BA4 og arealbeslag av område som er grøne i dag.

Ei samanstilling av sol-skuggestudiane ligg sist i notatet.

Oppdragsgiver: Aurland kommune
Oppdragsnr.: 5160650 Dokumentnr.



Figur 9: Soltilhøve vårjamdøgn klokka 12. Eksisterende tilhøve øvst, ny situasjon nedst.

Oppdragsgiver: Aurland kommune
Oppdragsnr.: 5160650 Dokumentnr.

Generelt om arkitektonisk utforming

- Generelt bør den arkitektoniske utforminga av nye bygg representere si tid, utan å kopiere tidlegare stiluttrykk. Ny arkitektur kan vere eit verkemiddel for å sikre bulyst og klimatilpassa bygningar. Nye uttrykk kan symbolisere gjennomføringskraft og nyskaping, noko som kan vere viktige signal for å tiltrekke seg nye innbyggjarar og næringsdrivande
- Ny utbygging bør planleggast med utgangspunkt i ein menneskeleg skala, der arkitekturen skal opplevast i augehøgde, i gang- og sykkelfart.

Variasjon:

- Nye tiltak bør planleggast med variasjon i volum og fasadeutforming, innanfor rammene av ein klar heilskapskarakter.
- Lange fasadar bør brytast opp fysisk eller visuelt for å unngå å oppfattast monotone. Dette kan eksempelvis gjerast gjennom fasadesprang, variasjon i fasadematerial, gjennom fargebruk eller ved å dele større volum opp i fleire bygningskroppar.
- Opplevd avstand vert redusert når det er variasjon i opplevingane undervegs, noko som kan stimulere til at fleire går meir.

Materialbruk:

- Bygg og offentlege uterom må opparbeidast med høg materialkvalitet, og bør utformast slik at dei ulike delområda inngår som del av ein større heilskap.
- Det bør nyttast miljøvenlege og varige material av høg kvalitet.
- Kortreiste og/eller lokale materiale bør føretrekkast.

Tak og takform:

- Taket er bygget sin femte fasade, og utforming må sjåast i samheng med det totale arkitektoniske uttrykket.
- Grøne tak eller andre fleirfunksjonelle løysingar bør vurderast i samband med ny utbygging.

Utkragingar, balkongar og svalgangar:

- Mot strandpromenade, elvepark og torg bør balkongar trekkast inn i bygningskroppen. Dette for å unngå unødig privatisering av offentlege uterom, og for å skape meir skjerma private uteopphaldsareal.
- Svalgangar bør ikkje nyttast på lengre fasadar, og bør unngåast mot torg, strandpromenade og tverrsamband.
- Utkraging og /eller sprang i bygningskroppar kan nyttast for å oppnå variasjon i fasadar. Mot viktige offentlege uterom, som promenade og torg, må eventuelle utkragingar ha tilstrekkeleg høgde til at ikkje fysisk eller opplevd offentleg tilgjengelegheit langs fasade vert redusert.

Møblering i offentlege uterom

- Møbleringselement i dei offentlege romma bør inngå i eit samla grep, ha eit heilskapeleg designuttrykk og utformast i solide og estetisk tiltalende material
- Farge og materialbruk på gatemøblar, armatur, informasjonsskilt, leikeapparat osv. bør nyttast bevisst for å gjere det lettare å finne fram, og skape eit estetisk tiltalende heilskapsbilete.

Oppdragsgiver: Aurland kommune
Oppdragsnr.: 5160650 Dokumentnr.


Eventuelle oppfølgingspunkt knytt til arkitektur og estetikk:

- Dersom kommunen ønsker sterkare styring knytt til desse tema kan det vurderast å utforme eit kvalitetsprogram eller ein formingsrettleiar. Dette kan vere eit godt hjelpemiddel både for utbyggjarar og tomteeigarar og i handsaming av byggjesaker.
- I eit slikt program tilrår vi at det også vert inkludert tydelege bærekraftsmål, som blågrønn faktor eller liknande.







Oppdragsgiver: Aurland kommune
Oppdragsnr.: 5160650 Dokumentnr.

Sol-/skuggestudier

EKSISTERENDE SITUASJON





PLANFORSLAG







Oppdragsgiver: Aurland kommune
Oppdragsnr.: 5160650 Dokumentnr.

EKSISTERENDE SITUASJON



PLANFORSLAG



Oppdragsgiver: Aurland kommune
Oppdragsnr.: 5160650 Dokumentnr.

1	2021-04-12	Førebels utgåve for gjennomsyn	aalor	johm	johm
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.